

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/63/18

av 21. august 2001

om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av ytinga til tak og taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad(*)

[meldt under nummeret K(2001) 2474]

(2001/671/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 20 nr. 2 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtarane:

- 1) I artikkel 3 nr. 2 og 3 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernnivå på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF»⁽³⁾.
- 2) Punkt 2.2 i basisdokument nr. 2 inneheld ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak med sikte på å støtte det grunnleggjande kravet «brannsikring»; desse tiltaka til saman gjer det mogleg å fastleggje ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.
- 3) I medhald av punkt 4.2.1 i basisdokument nr. 2 kan det fastsetjast ulike nivå for det grunnleggjande kravet «brannsikring» ut frå typen, bruken og plasseringa av byggverket, planløsninga til byggverket og tilgjenge til naudinstallasjonane.
- 4) I punkt 4.3.1.2.2 i basisdokument nr. 2 er det fastlagt krav til byggevarer til tak som vert utsette for brann utanfrå.
- 5) Dei ulike nivåa for desse krava som finst i medlemsstatane, kan uttrykkjast i eit klassifiseringssystem som ikkje er omfatta av basisdokument nr. 2.

- 6) Etter artikkel 6 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF kan medlemsstatane fastsetje dei ytingsnivåa som skal stettast på territoriet deira berre innanfor ramma av dei klassifikasjonane som er vedtekne på fællesskapsplan, og berre på det vilkåret at alle klassar, nokre klassar eller éin einskild klasse vert nytta.
- 7) I mangel av ein felles og fullt ut harmonisert prøvingsmetode bør klassifiseringa i dette vedtaket byggje på tre ulike prøvingsmetodar som svarar til ulike tilfelle av brannfare. Dette skal vere ei mellombels løysing inntil fullstendig harmonisering kan oppnåast ved at det vert utvikla ein fullt ut harmonisert prøvingsmetode. Når dette er verkeleggjort, kan dette vedtaket endrast slik at det vert teke omsyn til den nye prøvingsmetoden og tilhøyrande klassifikasjonar.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Det vert skipa eit klassifiseringssystem i Fællesskapet for ytinga til tak og taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad, slik det er fastlagt i direktiv 89/106/EØF.

Det er gjort greie for dette klassifiseringssystemet i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 21. august 2001.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kungjord i TEF L 235 av 4.9.2001, s. 20, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 34/2002 av 19. april 2002 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 29 av 13.6.2002, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

⁽³⁾ TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

VEDLEGG

INNLEIING

CEN-rapporten CR 1187:2001 og seinare ajourførte utgåver skal nyttast. Den ajourførte utgåva skal m.a. omfatte nye revisjonar av CEN-rapporten, ENV- eller EN-utgåva av denne standarden, som byggjer på resultatavtalene frå det særskilde møtet i CEN TC 16. mai 2001.

Klassifiseringa i tabellen nedanfor byggjer på standarden i CEN-rapporten CR 1187:2001. Den standarden omfattar tre ulike prøvingsmetodar som svarar til ulike tilfelle av brannfare. Det er ikkje nokon direkte samanheng mellom prøvingsmetodane og difor heller ikkje noko allment gjeldande klassifiseringshierarki mellom dei.

Når medlemsstatane skal fastsetje reglar for ytinga til tak og taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad, kan dei velje den prøvingsklassa (eller dei prøvingsklassane) som er føremålstenleg(e) i høve til den faktiske brannfaren i området deira, og fastsetje eit nasjonalt klassifiseringshierarki mellom dei ulike prøvingane/klassane.

I kommisjonsvedtak 2000/553/EF⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over byggjevarer og/eller -materiale til taktekkning som kan reknast for å stette krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt, på det vilkåret at eventuelle nasjonale føresegner om utforming av byggverk og utføring av byggjearbeid er stetta. Slike varer/materiale høyrer inn under klasse B_{ROOF} i tabellen nedanfor, utan at prøving er naudsynt.

SYMBOL

Klassifiseringa for dei tre prøvingsmetodane er som følgjer:

- CR 1187:2001-prøve 1: X_{ROOF}(t₁), der t₁ = berre flygande gneistar,
- CR 1187:2001-prøve 2: X_{ROOF}(t₂), der t₂ = flygande gneistar + vind,
- CR 1187:2001-prøve 3: X_{ROOF}(t₃), der t₃ = flygande gneistar + vind + stråling.

T_E: kritisk tid til utvendig brannspreiing

T_P: kritisk tid til gjennombrenning

Tabell

KLASSIFISERING AV YTINGA TIL TAK OG TAKTEKKINGSMATERIALE VED UTVENDIG
BRANNPÅVERKNAD(*)

Prøvingsmetode	Klasse	Klassifiseringskriterium
CR 1187:2001 prøve 1	B _{ROOF} (t ₁)	Følgjande vilkår må stettast: <ul style="list-style-type: none"> — utvendig og innvendig brannspreiing oppover < 0,700 m — utvendig og innvendig brannspreiing nedover < 0,600 m — lengste brende lengd innvendig og utvendig < 0,800 m — ingen brennande materiale (dropar eller partiklar) fell frå den sida som er utsett for brann — ingen brennande/glødande partiklar trengjer gjennom takkonstruksjonen — ingen einsskilde gjennomgåande opningar > 2,5 × 10⁻⁵ m² — summen av alle gjennomgåande opningar < 4,5 × 10⁻³ m² — sidevegs brannspreiing når ikkje fram til kantane av måleområdet — ingen innvendig ulmebrann — største radius for brannspreiing på vannrette tak, både utvendig og innvendig < 0,200 m
	F _{ROOF} (t ₁)	Inga fastlagd yting

(4) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

Prøvmetode	Klasse	Klassifiseringskriterium
CR 1187:2001 prøve 2	B _{ROOF} (t2)	For begge prøvingsseriane ved ein vindstyrke på 2 m/s og 4 m/s er — den gjennomsnittlege skada lengda av taket og underlaget $\leq 0,550$ m — den største skada lengda av taket og underlaget $\leq 0,800$ m
	F _{ROOF} (t2)	Inga fastlagd yting
CR 1187:2001 prøve 3	B _{ROOF} (t3)	$T_E \geq 30$ min og $T_P \geq 30$ min
	C _{ROOF} (t3)	$T_E \geq 10$ min og $T_P \geq 15$ min
	D _{ROOF} (t3)	$T_P > 5$ min
	F _{ROOF} (t3)	Inga fastlagd yting

(*) Talet på klassar er framleis under vurdering og vil verte endra så snart den naudsynte informasjonen ligg føre.